



Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Videorom 1, 4. etg, Fylkeshuset

Dato: 07.05.2015

Tidspunkt: 09:30 - 11:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Neshe Lie	Medlem	H
Jostein Ljones	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Tore Svane	Medlem	FFO
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Laila Bø	Kjersti Edvardsdal	FFO

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Inge Edvardsen	Rådgjevar, samferdselsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 19/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 20/15	Godkjenning av sakliste		
PS 21/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 22/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 13/15	Oversikt økonomi - per 290415	2014/558	
RS 14/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr april	2014/1527	
RS 15/15	Uttale til Nye Voss Gymnas - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 23/15	Utale til Nye Voss Gymnas - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 24/15	Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 25/15	Ymse		

PS 19/15 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinnkallinga.

PS 20/15 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente sakslista.

PS 21/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteboka frå 08.04.2015.

PS 22/15 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

Vedtak

RS 14/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 – pr april:

- *Oppfølging av skulebruksplanen*: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein førespurnad til opplæringsavdelinga for å få informasjon om korleis strukturen for tilrettelagt undervisning er i skulebruksplanen. Rådet ønskjer og å vete kor det vert eit tilbod om tilrettelagt opplæring i fylket og kva som er planen vidare.
- *Skulebygg som pedagogisk arkitektur*: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be opplæringsavdelinga om ei orientering til neste møte med informasjon om plan for handsaming, samt dei store endringane som er tenkt frå nåverande dokument. Rådet ber og om å få nåverande dokument tilsendt.

RS 13/15 Oversikt økonomi - per 290415

RS 14/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr april

RS 15/15 Uttale til Nye Voss Gymnas - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

PS 23/15 Utale til Nye Voss Gymnas - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at det står bak uttala forfatta på orienteringsmøte 22.04.2015 og innsendt til eigedomsseksjonen 23.04.2015.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at det står bak uttala forfatta på orienteringsmøte 22.04.2015 og innsendt til eigedomsseksjonen 23.04.2015.

PS 24/15 Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv ferdig årsmeldinga i møtet og vedtek teksta slik den vert utarbeida. Administrasjonen får fullmakt til å ordne med lay-out.

Endeleg årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert sett opp som politisk sak til neste rådsmøte.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette saka til neste møte. Arbeidsutvalet vert bedt om å jobbe med saka fram mot det, og at eit råutkast vert sendt ut til alle medlemene. Viktig å synleggjere prosessen ved synfaringar og dei konsekvensane det har for resultatet, og kva rådet har fokusert på i 2014.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sette ned ein arbeidsgruppe bestående av Harald Norheim, Kjell Søvik og Jostein Ljones som skal sende ut eit utkast til årsmelding til resten av rådet innan 22. april. Rådet vedtok at saka skal opp på nytt på rådsmøtet 06.05.2015, slik at den kan presenterast for fylkestinget i juni.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek slik tekst for årsmeldinga 2014 for rådet:
«RMNF har i 2014 handsama 52 vedtakssaker. Mange av dei er rutinesaker, ein del høyringar, fleire synfaringar, temadagen "Grenselaus kultur", og den årlege fellessamlinga for alle fylkesråda i Noreg. (bilde av Amalie Skram)

Ei av dei viktigaste og mest positive sakene for rådet i 2014, er Amalie Skram vidaregåande skule. Saka starta i førre rådsperiode, og rådet var aktivt med i planarbeidet. Først eit arbeidsmøte med arkitektane der ein hadde fokus på tilgjenge, og seinare eit liknande møte der ein tok for seg andre forhold ved Universell utforming, hørsel, syn, akustikk, ventilasjon osv. Både det fylkeskommunale rådet og rådet i Bergen deltok i begge møta, og kom med konstruktive kommentarer som arkitektane tok med i det vidare

arbeidet. Dette gjaldt både skuledelen og svømmeanlegget. 29. oktober var begge råda på synfaring på Amalie Skram vidaregåande, og det var ei positiv oppleving å sjå at forslaga til endringar som råda hadde, no var gjennomført. Denne sakshandsaminga viser kor viktig det er at rådet kjem inn på planstadiet, og kor viktig det er at arkitektane har god forståing for universell utforming, og at dei tar RMNF med tidleg i prosessen.

Ei anna og viktig sak i 2014 var Voss vidaregåande skule. Der kom ikkje rådet inn før forprosjektet var ferdig, og fristen for uttale var så kort, at ein måtte ha eit ekstramøte for å få komma med uttale. Det meste var bra i planane, men rådet peika på eit forhold i kantina. Der hadde arkitektane laga til som eit amfi med tre nivå. Rørslehemma hadde tilgjenge til nivå 1 og 2, men ikkje til nivå 3. Rådet peika på at dette er sosialt ekskluderande. Kantina var derfor ikkje universelt utforma. Rådet er seinare informert om at det vert gjort endringar i planane, slik at alle deler av kantina no blir tilgjengeleg.

Rådet har elles vore på synfaringar både på tannklinikkar og skular som er rehabilitert, eller er under rehabilitering, og levert rapport tilbake til bygg- og eigedomsavdelinga. Ein har her ein svært god dialog, og rådet blir tatt med vidare i planane.

RMNF har dei siste åra fått ein god dialog med Skyss, og har jamleg fått orienteringar frå Skyss om utbyggingsplanar for Bybana og kollektivknutepunkt.

Justeringa av kriteriene for TT-ordninga er også ei sak rådet har jobba for, og rådet er nøgd med dei endringane som er gjort.

Siste året har rådet også hatt større fokus på kultur, både tilgjenge til lokalet, men kanskje mest til opplevinga for publikum. Ei ros til kulturavdelinga i fylket og til Den Nasjonale Scene for nytenking når det gjeld å få formidla kulturen til nye publikumsgrupper.

På forespørsel frå KURE var rådet på synfaring på Cornerteateret 10.01.14. Bakgrunnen var ein søknad om driftstilskot på kr 500000,-. HFK ville stilla vilkår om universell utforming før utbetaling. Ei fyldig rapport er å finna i møterefurat for rådet frå 10.01.14. Grunnlaget for søknaden var etter dei gamle Tek-07 (byggteknisk forskrift), der krava til universell utforming er lågare enn etter Tek-10. Bygget er tilrettelagt med universell utforming for publikum i 1. etasje.

(Medlemmer i rådet i 2014)

Mandat for RMNF finn ein på rådet si nettside.»

PS 25/15 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

Vedtak

Studietur: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å legge studieturen til London i samband med rådsmøtet 24. juni. Rådet ønskjer eit fokus på kultur, samferdsel og skuler.

Politisk debatt i regi SAFO og FFO: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at alle rådet sine medlemar og varamedlemar skal få moglegheit til å delta på denne debatten, der kostnadar til reise vert dekkja av rådet.

Samferdselsutvalet sitt møte 12.05.2015:

PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å kome med ein slik uttale til samferdselsutvalet: «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har gjennomgått saka om vegstandardar og ber om at eventuelle fravik frå vegnormalane ikkje må gå ut over krav til universell utforming.»

PS 54/2015 Nedlegging av offentleg veg – Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å kome med ein slik uttale til samferdselsutvalet: «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne visar til saker som har vore oppe tidlegare, Haukanes tunnelen Fv 7 og Vangdalsbergstunnelen Fv 39, der det er opna for sykkel og gange i tunnelen og vegen på utsida er lagt ned. Rådet ser med uro på at ein blandar mjuke og harde trafikantar inne i tunnelen utan fysisk skilje.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at det vert tilrettelagt med gang og sykkelvei med fysisk skilje dersom det skal vere gang- og sykkelveg inne i tunnelen. Ber om at dette verte tatt med i planarbeidet tidlegare.»

Orientering om kartlegging av ferjeanlegg frå samferdselsavdelinga: Rådet vedtek å sende inn følgjande uttale til arbeidet som er gjort så langt: *«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne takkar for orienteringa og presiserer at rådet set pris på å vere involvert så tidleg i prosessen. Rådet har nokre punkt som ein meiner det er viktig å ha med i kartlegginga:*

- *Tilrettelegging ferjekai: Dekke på ferjelemmar og der ein går i land: Potane til førarhundar er ofte utsatt ved bruk av dekke med små hull i.*
- *Informasjon: Korleis er det ivareteke for synshemma? Til dømes med taktil skrift eller med opplesing. På same punkt meiner rådet det kan vere aktuelt å sjå på kor informasjonen er tilgjengeleg, rutehefte i eit monter, lystavle eller inne i eit venterom.*
- *Knutepunktsfunksjoner: Det er eit poeng å måle breidda på døra i venteromma. Sjølv om det er trinnfritt er det ikkje sikkert at ein rullestol kan kome inn.»*